

# MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

Fedje barnehage

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/3747 - 19/9209

Saksbehandlar:

Grethe Elin Mjelde

grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:

18.03.2019

## Helseverngodkjenning - Fedje barnehage

I 2016 vart Fedje barnehage ikkje godkjent etter «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.», grunna avvik som synte at barnehagen ikkje tilfredstilte krav gjeve i forskrifta.

Den 30.12.18 sende styrar Stine Waage søknad om ny godkjenning etter «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.».

### ➤ Heimel

«Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.», samt helsedirektoratets rettleiar til forskrifta «**Miljø og helse i barnehagen**» (IS-2072).

«Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v. trådte i kraft 1.1.1996.

§ 6; Krav om godkjenning: Virksomheter som omfattes av forskriften, jf. § 2, skal være godkjent av kommunen».

### ➤ Historikk

Fedje barnehage vart bygd i 1981 og utbygd i 1998 og 2003. Helseverngodkjenning vart tilbakekalla i 2016 grunna avvik som synte at barnehagen ikkje tilfredstilte krava til godkjenning. Barnehagen kunne ikkje vise til tilfredsstillande inneklimate.

### ➤ Tilsyn

Tilsyn for å vurdere om det var grunnlag for å utstede helseverngodkjenning etter «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.» (forskrifta) vart utført den 13.3.19.

På tilsynet møtte styrar Stine Waage og verneombod Ilka Verhofstad frå Fedje barnehage og teknisk-hygienisk ingeniør Grethe Elin Mjelde frå miljøretta helsevern.

Rettleiande arealnormer tilseier eit areal på 4 m<sup>2</sup> for barn over 3 år og 5,3 m<sup>2</sup> for barn under 3 år.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 57 70  
Telefaks +47 56 37 50 01

Uteleikearealet bør vere 6 gangar så stort.

Barnehagen har eit netto leike -og opphaldsareal på ca. 130 m<sup>2</sup>.  
Dette er stort nok areal til 32 barn over 3 år. Barnehagen har barn i aldersgruppa 0 – 6 år.  
Uteleikeareal er ca. 1300 m<sup>2</sup>.

I 2019 er det 20 barn og 6 tilsette i barnehagen.

Barnehagen har tilfredsstillande leike-og opphaldsareal.

#### Avvik/merknad:

##### Definisjonar:

**Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsett i lov eller forskrift med heimel i lov.

**Merknad:** Forhold som tilsynsmyndigheita meiner det er nødvendig å påpeike, men som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik.

**Det vart funne 0 avvik og 7 merknadar.**

#### ➤ Oppsummering og vurdering

For at barnehagen skal kunne godkjennast etter «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler», skal alle krav i forskrifta vere oppfylt. Det er ikkje høve til å gje midlertidig godkjenning eller godkjenning på vilkår. Det er ikkje funne avvik i høve til forskrifta, men merknadar som bør rettast opp ev. settast inn i ei handlingsplan.

#### Syner til «Gjennomgang og vurdering» - vedlegg 1:

1. §§ 6, 7 og 13; Vedlikehaldsplan bør oppdaterast slik at den beskriv innvendig og utvendig vedlikehald, og vere eit styringsdokument med påfølgjande kostnader på kort og lang sikt.
2. § 10; Barnehagen må ha dokumenterbare tilsynsrundar ved sovesituasjonar.
3. § 11; Vurdere reperasjon/utskifting av kjøleskåp grunna avvik av temperatur.
4. § 14; Leikeplassutstyr må kontrollerast jamleg etter «Forskrift om sikkerhet ved lekeplassutstyr» og NS-EN 1176 del 1-7 og del 10-11 Lekeplassutstyr og underlag.
5. § 14; Barnehagen bør etablere fleire og betre parkeringsplassar. Det vert anbefalt å rygge inn i parkeringslomme for å unngå farlege situasjonar.
6. § 21; Inne: Støydempingstiltak bør vurderast i rom med etterklang.
7. § 21; Ute: Støydemping/lydfelle bør monterast på ventilasjonsanlegg, da dette gjer støy til leikeområdet.

#### Tilbakemelding på merknadar

Det vart påpeikt 7 merknadar på tilsynet.

Miljøretta helsevern ynskjer tilbakemelding på merknadar innan **01.05.19**.

Tilbakemelding sendast til [mjge@lindas.kommune.no](mailto:mjge@lindas.kommune.no), eller Lindås kommune ved Miljøretta helsevern, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø.

Ved gjennomgang av dokumenter i saka samt synfaring, vurderer Miljøretta helsevern at Fedje barnehage oppfyller vilkåra for godkjenning.

#### ➤ Vedtak

**Fedje barnehage godkjennast med heimel i § 6 i «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.» for inntil 32 barn over 3 år.**

Tal barn i barnehagen må justerast i høve til alderssamansetjinga i barnegruppa og godkjent areal.

Godkjenning er gitt med bakgrunn i gjennomgang av søknad, samt synfaring på barnehagens inne- og uteområde.

Ved vesentlege endringar i drift eller bygningsmessige forhold, skal det på førehand søkast om godkjenning.

Med helsing

Ernst Horgen  
kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde  
teknisk-hygienisk ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Om klage over vedtak:**

Vedtaket kan påklagast til Fylkesmannen etter *Forvaltningsloven kap. 6* og *Lov om folkehelsearbeid § 19*. Klagen skal vere skriftleg og grunngjeve, og sendast kommunen v/Miljøretta helsevern (Lindås kommune). Frist til å klage er satt til 3 veker frå dette brevs mottaksdato.

**Vedlegg 1: Gjennomgang og vurdering**

**Link:**

***Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.***

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1995-12-01-928>

***Veileder til forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler***

<http://helsedirektoratet.no/publikasjoner/miljo-og-helse-i-barnehagen/Sider/default.aspx>

**Kopi til:**

Fedje barnehage  
Ilka Verhofstad  
Nils Moldøen  
Øyvind Tolleshaug